



**Budsjett 2018 – framlegg frå rådmannen
23.11.2017**



Innholdsliste

Overordna kommentarar og inntektsføresetnadar	s. 3
Driftsoversikt	s. 5
Budsjettskjema 1A og 1B (drift)	s. 6
Kommentarar frå einingane til driftsbudsjett 2018	s. 7 - 10
Investeringsframlegg 2017	s. 11
Budsjettskjema 2A (investering)	s. 12
Budsjettskjema 2B (investering)	s. 13

Overordna kommentarar

Utgangspunktet for budsjett 2018 er økonomiplanen for 2018 – 2021. Rammene for tenesteeiningane er basert på tala frå økonomiplanen.

Frie inntekter

Frie inntekter er sett saman av skatteinntekter og rammetilskot. Ut i frå framlegget til statsbudsjett får Aurland kommune ei auke i desse inntektene på 1,3 % som tilsvarer ca. 1,4 millionar kroner. Snittet for Sogn og Fjordane fylke er 2,3 % auke. Dersom Aurland hadde fått 2,3 % auke ville det medført ca. 1,3 millionar kroner meir i frie inntekter.

Skatteinntekter

Skatteinntekter er lagt inn med kr 80,3 millionar kroner som er i tråd med siste prognose frå Kommunenes Sentralforbund (KS) som kom etter framlegget til statsbudsjettet for 2018. Dette er ei auke på kr 2,1 millionar i høve 2017.

Rammetilskot

Rammetilskotet er lagt inn med 40,2 millionar kroner som er i tråd med siste KS – prognose som er oppdatert etter framlegget til statsbudsjettet for 2018.

Eigedomsskatt

Ut i frå oversikt frå Sentralskattekontoret vil eigedomsskatten på kraftverk bli auka med 1,4 millionar kroner i 2018.

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgifta vart auka frå 14,0 mill. til 15,3 mill. i 2014. Auken kom som følgje av indeksregulering. Neste indeksregulering blir i 2019.

Andre generelle statstilskot

Dette er i hovudsak tilskot frå Husbanken som gjeld rentekompensasjon på investeringar innan pleie og omsorg og skule. Tilskotet er renteavhengig og er lagt inn med 1,2 millionar i 2018.

Sal av konsesjonskraft

Aurland kommune vidarefører avtalen med Aurland Energiverk. Påslaget er i framlegget auka frå 5 øre pr. kWh til 12 øre pr. kWh. Dette vil medføre ei auke i nettoinntekta for Aurland kommune frå 4 millionar kroner til ca. 7,5 millionar kroner.

Utbyte

Det er lagt inn utbyte frå Aurland Energiverk AS med 1,5 mill. og frå Aurland Ressursutvikling AS med 4,0 mill. Utbytet frå Aurland Ressursutvikling er avsett til fond i framlegget.

Renter og avdrag

Det er reglar for kor mykje ein minimum må betale i avdrag på lån til eigne investeringar. Det er lagt inn kr 7.200.000 i avdrag i 2018 som vil vere i tråd med forskriftene. Renter på lån er lagt inn med kr 2.700.000 som føreset at renta ligg på ca. 2 %. Lånegjeld ved utgangen av 2018 vil vere om lag kr 133.000.000 ut frå budsjettframlegget.

Disposisjonsfond

Samla var disposisjonsfondet på kr 5 700.000 pr. 31.12.2016. Det er budsjettert med avsetning til fondet med kr 3.519.000. Samtidig er det bruk av fond på einingane med om lag kr 2.000.000.

DRIFTSOVERSIKT			
	Rekneskap	Budsjett	Framlegg
<i>(Tal i 1000 kr)</i>	2016	2017	2018
Skatt på inntekt og formue	77 225	78 200	80 300
Rammetilskudd	39 472	40 000	40 200
Eigedomsskatt	54 986	42 600	44 000
Eigedoms.skatt bustad/næring			0
Konsesjonsavgift	15 383	15 300	15 300
Integreringstilskot flyktningar	971	2 631	2 600
Andre statlige overføringer	997	1 200	1 200
SUM FRIE INNTEKTER	189 034	179 931	183 600
Renteinntekter	1 366	1 019	1 000
Utbyte	5 528	9 000	5 500
Renteutgifter	-2 383	-2 700	-2 700
Netto renteutgifter/-inntekter	4 511	7 319	3 800
Mottekne avdrag på lån	731	1 000	1 000
Avdragsutgifter	-5 385	-6 900	-7 200
Netto avdragsutgifter	-4 654	-5 900	-6 200
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-143	1 419	-2 400
TIL FORDELING	188 891	181 350	181 200
<i>Til driftsrammer:</i>			
Politisk leing	3 339	3 008	3 008
Sentraladministrasjon	11 415	8 959	8 959
Kultur	5 603	4 883	4 810
Aurland Barne og ungdomsskule	19 371	19 839	18 909
Flåm barnehage	3 409	4 494	4 269
Vangen barnehage	4 953	5 468	5 243
Flåm skule	6 625	6 584	6 234
Helse og førebyggjande	11 722	11 687	12 487
NAV Aurland	2 514	2 447	2 447
Barnevern	3 293	3 050	3 050
Pleie og omsorg	60 765	58 323	54 823
Teknisk	24 554	24 582	22 982
Nøytrale inntekter / utgifter	12 237	11 219	11 900
Sal av konsesjonskraft	-4 222	-4 000	-7 500
Prosjekt administrasjon og politikk	0	0	
Lønsoppgjer (blir fordelt)	0	39	3 000
Sum fordelt til driftsrammer	165 578	160 582	154 621
<i>Disposisjoner:</i>			
Avsetning til disposisjonsfond	-5 245	-1 677	-3 519
Avsetning mindreforbruk 2016	-1 834	-1 834	
Avsetning til konsesjonsavgiftsfond	-16 114	-16 300	-16 300
Avsetning integreringstilskot flyktningar	-809	-2 631	-2 600
Avsetning av utbyte			-4 000
Bruk av tidl. års mindreforbruk	849	1 834	
Overføring til investering	-160	-160	-160
Netto disposisjoner	-23 313	-20 768	-26 579
Balanse	0	0	0

DRIFTSOVERSIKT	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Budsjettskjema 1A - drift			
Skatt på inntekt og formue	47 618 663	48 200 000	50 300 000
Ordinært rammetilskudd	39 472 000	40 000 000	40 200 000
Eigedomsskatt	54 986 039	42 600 000	44 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	44 989 851	45 300 000	45 300 000
Andre generelle statstilskudd	1 808 028	7 131 000	12 560 000
Sum frie disponible inntekter	188 874 581	183 231 000	192 360 000
Renteinntekter og utbytte	6 893 449	10 019 000	7 000 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Renteutg., provisjoner og andre fin. utg.	2 384 473	2 200 000	2 700 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Netto avdragsutgifter	5 384 580	6 600 000	7 200 000
Netto finansinnt./utg.	-875 604	1 219 000	-2 900 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk			
Til ubundne avsetninger	5 244 955	3 511 296	3 519 000
Til bundne avsetninger	18 804 012	19 502 600	23 400 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	849 955	1 834 296	-
Bruk av ubundne avsetninger	2 086 670	1 620 000	2 018 070
Bruk av bundne avsetninger	12 028 177	17 654 299	14 292 357
Netto avsetninger	9 084 166	1 905 301	10 608 573
Overført til investeringsbudsjettet	160 000	160 000	160 000
Til fordeling drift	181 100 000	160 382 000	154 621 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	179 265 704	160 382 000	154 621 000
Mindreforbruk	1 834 296	-	-

	Budsjettskjema 1 B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	(DRIFTSOVERSIKT)	2016	2017	2018
100	POLITISKE ORGAN	3 339 429	3 007 339	3 008 000
110	RÅDMANNSFUNKSJON	11 414 620	9 259 301	8 959 000
120	KULTUR	5 602 962	4 882 959	4 810 000
210	ABV	19 371 081	19 839 140	18 909 000
220	BARNEHAGAR	8 361 316		
221	FLÅM BARNEHAGE	-	3 994 218	4 269 000
222	VANGEN BARNEHAGE	-	5 468 337	5 243 000
230	FLÅM SKULE	6 625 174	6 584 136	6 234 000
300	HELSE OG FØREBYGGJING	11 723 496	11 686 240	12 487 000
301	NAV	2 514 290	2 447 938	2 447 000
302	BARNEVERN	3 292 850	3 049 727	3 050 000
310	PLEIE OG OMSORG	60 764 930	58 322 438	54 823 000
500	TEKNISK	24 553 606	24 582 583	22 982 000
900	NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	28 350 625	11 257 644	11 900 000
	SUM TENESTEININGANE	185 914 379	164 382 000	159 121 000
910	KONSESJONSKRAFT (kjøp/sal)	-4 221 764	-4 000 000	-7 500 000
	AVSETT TIL LØNSOPPGJER	-	-	3 000 000
810	OVERORDNA INNTEKTER/UTGIFTER	-592 615	-	-
	TOTALT FORDELT TIL DRIFT	181 100 000	160 382 000	154 621 000
	Fordelt til drift (fra skjema 1A)	179 265 704	160 382 000	154 621 000
	Mindreforbruk	1 834 296	-	-

Kommentarar frå einingane til budsjett 2018

Ansvar 100 – politiske organ

Kostnadane til politiske utval er vidareført på same nivå som i 2017. Nokre utval får godtgjersle pr. møte medan andre får fast godtgjersle uavhengig av tal møter. Det siste kan gjere at kostnadane blir høge for utval som har få møte.

Ansvar 110 – sentraladministrasjon

I budsjettframlegget ligg bemanningsplan for administrativ leiing, stabs- og støttefunksjonar til grunn for stillingar. Planlagt reduksjon i bemanning krev at aktiviteten blir redusert.

Kommunen er i gang med ei omfattande avlevering av papirarkiv til fylkesarkivet. Dette gjeld m.a. personregister-materiale frå helse, skule, barnehage og personalarkiv. Aurland kommune har avtale med fylkesarkivet om ordning av arkivmateriale. Dette er finansiert ved bruk av disposisjonsfond. I budsjettframlegget for 2018 er det lagt inn 750.000 som bruk av disposisjonsfond. Som følgje av auke i mengd har fylkesarkivet varsla ei auke i leige av hyllemeter. Denne auka er ikkje konkretisert. I budsjettframlegget er avtala med fylkesarkivet, medlemskap og oppbevaring budsjettert med 120.000,-. Aurland kommune har pålegg frå Riksarkivet om utbetring av arkivrommet i Rådhuset. Alternativet til avlevering av materiale og oppbevaring ved fylkesarkivet er utbetring av arkivrommet i underetasjen i Rådhuset.

Ansvar 120 Kultur

Galleri Vinjum har hatt eit driftsbudsjett på kr 65.000 som har vorte brukt til kostnadar i samanheng med styremøte, arrangement rundt galleriopningar, stipendordninga og diverse tiltak på galleriet. Grunna rehabilitering har det ikkje vore aktivitet i 2017. Det blir truleg heller ikkje aktivitet i 2018, kostnadane er difor redusert med kr 60.000.

Aurland kommune er pr i dag ei MOT-kommune. Det ligg difor inne ein reduksjon i avtalen med kr 15.000 og at ein dermed konverterer avtalen til ein rein skuleavtale.

Det er tilsett biblioteksjef i 20% stilling. Dette var ikkje budsjettert i 2017 men er med i budsjettet for 2018 med kr 100.000.

Det er lagt inn auke i satsane for kulturskule og kostnadar knytt til sal av tenester til korps og kor. Dette kjem fram i eiga sak om prisar og gebyr.

Det blir skifta administrasjonsprogram frå Visma til Speedamin i kulturskulen. Dette er eit program som dei fleste kommunar brukar og som vil medføre ein installasjonskostnad på ca. kr 25.000.

Ansvar 210 Aurland Barne- og ungdomsskule

Aurland kommune ligg høgt på kostnader samanlikna med andre kommunar ut i frå KOSTRA-tal. I budsjettet for 2018 ligg det inne at ein skal redusere med ca. 1,5 årsverk. For å planmessig kunne gjennomføre tiltaket er det lagt opp til mellombels finansiering ved bruk av fond ut skuleåret 2016/17. Konsekvensen av tiltaket vil vere redusert lærartettleik frå hausten 2018.

Det blir tilrådd auke i brukarbetaling på SFO.

Ansvar 221 Flåm barnehage og ansvar 222 Vangen barnehage

I framlegget ligg det inne feriestenging i to veker (jul og påske) samt reduserte opningstider. Det ligg også inne reduksjon til to hovudopptak i året.

Ved å innføre to hovudopptak vil det gje enklare planlegging og tryggare økonomisk styring ved at barn ikkje vil starte gjennom heile året, men to gonger i året.

Feriestenging vil medføre endring av vedtektene under § 11.2 Ferie.

Ansvar 230 Flåm skule

Aurland kommune ligg høgt på kostnader samanlikna med andre kommunar ut i frå KOSTRA-tal. I budsjettet for 2018 ligg det inne at ein skal redusere med ca. 0,5 årsverk. For å planmessig kunne gjennomføre tiltaket er det lagt opp til mellombels finansiering ved bruk av fond ut skuleåret 2016/17. Konsekvensen av tiltaket vil vere redusert lærartettleik frå hausten 2018.

Det er tilrådd auke i brukarbetaling på SFO.

Det er ikkje budsjettert med nye lærlingar innanfor oppvekst i 2018.

Ansvar 300 Helse og førebygging

Lærdal kommune ved Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS) har sagt opp avtalen med Aurland kommune i høve kjøp av tenester for å utføre tilsyn og fagansvar ved KAD (kommunale akutte døgnseger). Dette vil medføre ein reduksjon i inntekter på kr 650.000 som er lagt inn i framlegget.

Kommunane har gjennom lov forplikta seg til å ha ein kommuneoverlege. Dette er heimla i ulike lovverk. Aurland har pr. i dag denne funksjonen dekkja. I Lærdal og Årdal er denne stillinga for tida vakant. Det er difor framlegg om at Aurland skal vere med i ein felles kommuneoverlege med dei andre kommunane. Dette er lagt inn i framlegget med 20 % stilling, noko som vil utgjere om lag kr 150.000 for 2018 (halvårs verknad).

Ei vidareføring av stilling som treningskontakt etter prosjektperioden må vurderast i løpet av budsjettåret. Det er ikkje funne rom for vidareføring i budsjettframlegget.

Ansvar 301 NAV

Kostnadane til NAV er vidareført på same nivå som i 2017. Kostnadar i samband med flykningar blir dekkja av tilskot frå Staten.

Ansvar 302 Barnevern

Kostnadane til barnevern er vidareført på same nivå som for 2017. Barnevern har gjort vedtak om leksehjelp hittil. Dette er ikkje ei oppgåve for barnevernet og vil bli avslutta sommaren 2018.

Ansvar 310 Pleie, rehabilitering og omsorg

Etter endring og gjennomgang av avtalar i løpet av 2017 er netto innsparing på kjøp frå private lagt inn med 2,3 millionar kroner som er lagt inn som innsparing i framlegget.

Stilling som konsulent for funksjonshemma har vore vakant frå sommaren 2016. Denne er ikkje med i framlegget for 2018.

Som ein del av omstillingsprosjektet har pleie, rehabilitering og omsorg konkludert med å endre bemanninga frå fire til tre på ettermiddag/kveld på sjukeheimsavdelinga og rehabiliterings-/korttidsavdelinga ved Aurland helsetun. Desse to avdelingane har 16 plassar til saman. Ordninga er prøvd ut i ei periode, og vil bli permanent med ny

turnus frå 01.03.18. Konsekvensen for bebuarane er at det generelt blir mindre tid til oppfølging mot den enkelte, og det blir mindre tid til aktivitetar og trening på ettermiddag/kveld. For dei tilsette medfører dette at dei må gjere meir og får ansvar for totalt fleire oppgåver enn tidlegare. Endringa tilsvarer ein reduksjon i bruk av personalressursar tilsvarande 1,4 årsverk. Samla utgjør desse tiltaka ein reduksjon i pleie, rehabilitering og omsorg for 2018 på kr 3.500.000.

Organisering og leiarstruktur i pleie og omsorg blir vurdert. Rådmannen ser føre seg at eventuelle endringar kan gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene som er tilrådd i budsjettframlegget.

Pleie og omsorg rekrutterer 1-2 nye lærlingar per år innan helsefag eller institusjonskøkk kvart år.

Ansvar 500 Teknisk

I budsjettet er det lagt til grunn ei innsparing i høve revidert budsjett for 2017 på kr 1.600.000 (6,5 %) for eininga. Straum har vore underbudsjettert (500.000). Eininga har også teke inn for høge kommunale avgifter slik at desse to gjev ein negativ effekt for neste år på ca. kr 450.000. Samla innsparing for neste år er difor kr 2.550.000 (10,4 %).

Deler av innsparinga vert nådd ved auka inntekter. Eininga får eit auka nettobidrag frå kommunale utleigebustader (kr 350.000) som følgje av ein større bustadmasse til utleige neste år (Furuly). Vidare er gebyra for oppmåling og byggjesak harmonisert i retning gebyrnivået i kringliggjande kommunar (kr 250.000)

Innsparinga vert nådd i hovudsak ved reduserte kostnader. I førre budsjett vart deler av driftsbudsjettet omdisponert frå vedlikehald til grunnutdanning av brannvesen. Desse midlane går no heilt ut og medfører framleis redusert vedlikehald av vegar og bygningar (kr 400.000). Vedlikehald av vatn og avløpsnett vil verte redusert i perioden (kr 600.000), og medfører oppbygging av eit etterslep av vedlikehald på vatn- og avløpsnett. Frekvens for reinhald i kommunale bygg vert redusert i perioden (kr 550.000). Resterande kostnadsreduksjon (kr 400.000) vert gjennomført som generelt kostnadsutt.

Ansvar 900 Nøytrale inntekter og kostnader

Det er gjort slik tilråding innanfor ansvar 900:

- 120.000 til velferdsmidlar
- revisjonstenester 260.000 og sekretariat for kontrollutval 172.000 – det er ikkje lagt inn midlar til gjennomføring av forvaltningsrevisjon i 2018
- fellesutgifter omfattar m.a. HMS-fond, utgifter til bedriftshelseteneste, kontingentar og kompetansefond. Det er budsjettert med bruk av disposisjonsfond kr 600.000. Dette er fondsmidlar som tidlegare er sett av til kompetansefond og HMS-fond
- fellesutgifter IKT 3.697.000 –dette er ein auke på 700.000 som gjeld auke i lisenskostnader, auka utgifter til nettverk, auke i utgifter knytt til driftsavtaler. Ein del utgifter som tidlegare er ført som investering er no budsjettert på drift.
- PPT-tenester – kjøp av tenester frå Sogndal kommune på 750.000, overføring til private barnehagar 3.000.000

- Det er førebels budsjettert med bruk av næringsfond på vel 13 mill. Sak om budsjett for konsesjonsavgiftsfondet kjem oppatt tidleg i 2018.
- Tilskot til kyrkja er redusert med kr 100.000 til 2.650.000
- Tilskot andre trussamfunn kr 80.000

FRAMLEGG OVERSIKT INVESTERINGAR 2018

AR	Budsjett
Tiltak	2018
Helse og omsorg	
Heis Aurland Helsetun	1 100
<i>Delsum helse og omsorg</i>	<i>1 100</i>
Oppvekst	
Huskestativ Flåm barnehage	120
Grupperom ABU	100
<i>Delsum oppvekst</i>	<i>220</i>
Samferdsel	
Kjøp av grunn parkering Gudvangen	300
Utskifting gatelys	1 200
Gatelys-omlegging for energimåling	2 300
Garderobeanlegg rutebilstasjon	700
Rekkverk Turlidvegen	400
Gateadresser	200
<i>Delsum samferdsel</i>	<i>5 100</i>
Vatn, avløp og renovasjon	
Vatn og avløp Klokkargarden	1 800
Vatn og avløp Bakka	650
Teknisk bygg Gudvangen	850
Tømmestasjon bubilar	300
Vinjavegen	900
Ledningar gamle Flåm S-lag	1 000
Olje og bensinutskiljar miljøstasjon	200
<i>Delsum vatn, avløp og renovasjon</i>	<i>5 700</i>
Kultur	
Oppgradering Heradshuset	200
Symjehall	39 188
Oppgradering av tursti Brekkefossen	870
<i>Delsum kultur</i>	<i>40 258</i>
Bustadpolitisk	
Opparbeiding Furuly, Lunde	500
Tilrettelegging og prosjektering bustadfelt Fretheimshaugane	500
Opparbeiding Ty	800
Rehabilitering Ryggjakyrkja 4	300
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	1 825
Smiebakken	500
<i>Delsum bustadpolitisk</i>	<i>4 425</i>
Flaumkatastrofen 2014	
Investeringar etter flaumen	15 000
Kommunal andel etter flaumen	550
<i>Delsum flaumkatastrofen 2014</i>	<i>15 550</i>
Interne fellesfunksjonar	
IKT - investeringar	800
Eigenkapitalinnskot KLP	800
<i>Delsum interne fellesfunksjonar</i>	<i>1 600</i>
Ymse	
Breibandutbyggjing	900
Rassikring Nedre Brekke Flåm	6 400
<i>Delsum ymse</i>	<i>7 300</i>
Sum tiltak:	81 253

FRAMLEGG INVESTERINGAR			
Budsjettskjema 2A - investering	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Investeringer i anleggsmidler	42 472 650	86 025 000	80 453 000
Utlån og forskutteringer	3 425 000		
Kjøp av aksjar og andeler	721 222	350 000	800 000
Avdrag på lån	565 016		
Dekning av tidlegare års underskot	0		
Avsetninger	330 435		
Årets finansieringsbehov	47 514 323	86 375 000	81 253 000
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	3 425 000	23 940 000	18 793 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	190 977	10 500 000	9 400 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	5 775 186	16 475 000	13 600 000
Tilskudd til investeringer	0	0	16 700 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjoner	6 247 982	11 000 000	0
Andre inntekter			
Sum eksternt finansiering	15 639 145	61 915 000	58 493 000
Overført fra driftsbudsjettet	160 000	160 000	160 000
Bruk av avsetninger	31 715 178	24 300 000	22 600 000
Sum finansiering	47 514 323	86 375 000	81 253 000
Udekket/udisponert	0	0	0

FRAMLEGG INVESTERINGAR 2018 (skjema 2B) Tal i heile tusen	Framlegg
ÅR	Budsjett
Tiltak	2 018
Heis Aurland Helsetun	1 100
Huskestativ Flåm barnehage	120
Grupperom ABU	100
Kjøp av grunn parkering Gudvangen	300
Utskifting gatelys	1 200
Gatelys - omlegging for energimåling	2 300
Garderobeanlegg rutebilstasjon	700
Rekkverk Turidvegen	400
Gateadresser	200
Vatn og avløp Klokkargarden	1 800
Vatn og avløp Bakka	650
Teknisk bygg Gudvangen	850
Tømmestasjon bubilar	300
Vinjavegen	900
Ledningar gamle Flåm S-lag	1 000
Olje og bensinutskiljar miljøstasjon	200
Oppgradering Heradshuset	200
Symjehall	39 188
Oppgradering av tursti Brekkefossen	870
Opparbeiding Furuly - Lunde	500
Opparbeiding bustadfelt Frethiemshaugane	500
Opparbeiding Ty	800
Rehabilitering Ryggjakyrkja 4	300
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	1 825
Smiebakken	500
Investeringar etter flaumen	15 000
Kommunal andel etter flaumen	550
IKT - investeringar	800
Eigenkapitalinnskot KLP	800
Breibandutbyggjing	900
Rassikring Nedre Brekke Flåm	6 400
Sum tiltak:	81 253